



Artic Fjord passerar Skorpo i dag tidleg

Oppdrettsnæringa er stor og vi har den like utanfor stovedøra også i Uskedalen, men vi merkar ikkje så mykje til den fordi den held til på utsida av Skorpo. Men frå tid til annan kjem den nærare og slik var det på morgonkvisten i dag då forbåten Artic Fjord passerte på veg ut. Skiltet EWOS på skipssida ga klar beskjed om kva slags båt dette var og det kan vera sunt å repetera litt basiskunnskap om ei verksemd som betyr mykje for landet og for oss alle.

EWOS er ein av verdas største produsentar av fiskefor med kontorar i Noreg, Chile, Canada og Skottland og lakseforet utgjør 96 prosent.

Hovudkontoret ligg i Bergen og det er rundt 900 tilsette. Omsetningstalet har passert 9 milliardar. Dei har fabrikkar i Sogn og Fjordane (Florø), Nordland og Troms. EWOS-gruppen har underliggjande selskap i dei 4 landa og i tillegg eit eige selskap som driv med forskning og utvikling. Produksjonsvolumet ligg over ein million tonn fiskefor.

Selskapet skriv i brosjyrene sine at målsettinga er å levera kostnadseffektivt for designa for å sikra god fiskehelse og maksimal tilvekst. Leveransen skjer til over 250 lokalitetar langs Noregs kyst og i går var dei innom mellom andre Sjøtroll Havbruk ved Skorpo, opplysar Johnny Hansen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen